



DEN NORSKE KYRKJA

Stedje sokneråd

## Årsmelding 2018





## Medlemmar i Soknerådet i 2018

Astrid Hove	Leiar, og repr. i arbeidsutval for soknerådet, vara til diakoniutvalet
Per Hilleren	Nestleiar, representant i Fellesrådet og i arbeidsutvalet
Sissel Aina Vatnamot Åberge	Representant i diakoniutvalet, vara til trusopplæringsnemnda
Lise Elvagjeng	Representant i redaksjonsnemnda for kyrkjelydsbladet
Målfrid Myrkaskog Husnes	Varamedlem i Fellesrådet
Ottar Husum	Representant i trusopplæringsutvalet
Kjell Olav Nordheim	Representant i arbeidsutvalet
Gro Lerum Bondevik	Skrivar
Jan Gunnar Bøthun	
Odd Solberg	1. vara
Omar Eggum	2. vara
Ingrid Monsen	3. vara
Jofrid Rogne	4.vara



Kasserar	Leif Arne Nordheim
Revisor	Jostein Flatland

Soknerådet har i 2018 hatt 8 soknerådsmøte, og handsama 34 saker.

Årsmøte i 2018 vart halde i Frelesarmeens 22.03.18. 20 personar møtte fram.



Andre verv	
<b>Styret for Kyrkjelydshytta</b>	Formann Rolf Arvid Leirdal, Anne Kristin Gunvordal, Randi Kollsete, Karstein Bergheim og Ove Bukholm.
<b>Kontakt for Kirkens Nødhjelp</b>	Grete Tubbene
<b>Kontaktperson for bibelskapet</b>	Stein Bondevik og Guri Høstaker Norheim
<b>Ansvarleg for kyrkjevertane</b>	Soknerådet v/kyrkjekontoret, Torunn E. Skjelbred.
<b>Kyrkjekaffilistene</b>	Soknerådet v/Birgit K. Johnsen
<b>Felles diaconiutval</b> (har medlemar frå alle fem sokneråda i Fellesrådsområdet. Dei er ei ressurs- og drøftingsgruppe, som saman med diakonen koordinerer tiltak, drøftar prosjekt og tenester som ein ynskjer å arbeide med).	<b>Dei valde for perioden 2015-2019 er :</b> Stedje: Sissel Aina V. Åberge, Leiar Astrid Hove, vara), Norum: Anne Marit Venes (Heidi Fondenes, vara) Fjærland: Berit Orheim ( Marit L.Mundal, vara) Kaupanger: Geir Bøyum, vara ikkje vald. Leikanger: Åse Kongsvik. (Synneva Husabø, vara).
<b>Felles trusopplæringsutval</b>	Hege Askvik (leiar, Leikanger), Ottar Husum(Stedje), Berit Orheim (skrivar, Fjærland), Kari Alme (Kaupanger), Anne Marit Venes (Norum) Monica Ugulsvik (kyrkjelydspedagog)
<b>Forstanderskapet Stedjetunet (frå Stedje sokn):</b>	Marit Ellingsen (leiar), Are Kvistad, Gøril Vikøren, Arne Flatland, Målfrid Myrkaskog Husnes, Per Jarle Sætre (vara), Sigmar Åberge (vara)
<b>Styret for stiftingi Stedjetunet</b>	Aud Marie Stundal, Helge Torstad, Ove Bukholm, Wenche Torvanger, Gudrun Skjerdal.

Tilsette i kyrkja	
<b>Leiande kyrkjetenar</b>	Bente Leirdal
<b>Kantor</b>	Arild Slinde Hallgeir Øgaard Westli
<b>Soknediakon</b>	Gitte Therkelsen Torstad
<b>Kyrkjeverje</b>	Jorunn Merete Haukås-Eide
<b>Assisterande kyrkjeverje</b>	Magny Ugulsvik Bukholm
<b>Sekretær/Prostesekretær</b>	Torunn E. Skjelbred
<b>Kyrkjelydspedagog</b>	Monica Ugulsvik
<b>Sokneprest</b>	Kjell Olav Høstaker Nordheim
<b>Prost</b>	Kjetil Netland
<b>Ungdoms- og studentprest</b>	Andreas Danbolt
<b>Sekretær/prostesekretær</b>	Torunn Espeland Skjelbred





## Gudstenester

Gudstenestene er navet i kyrkjelyden. Stedje kyrkje har gudstenester tre av fire sundagar.  
I løpet av året er nokre av desse frilufts-gudstenester, eller felles gudstenester med andre sokn.  
I tillegg kjem gudstenester i høgtidene, gudstenester for skule og barnehage, gudstenester på institusjon- og nokre særskilde gudstenester på kvardagar.

	2018	2017	2016	2015	2014
Tal gudstenster, totalt	<b>61</b>	57	63	58	57
Samla tal deltagarar	<b>6408</b>	6440	7257	6866	6595
Gjennomsnitt deltagartal	<b>105</b>	113	115	118	116
Søndagsgudstenester	<b>48</b>	41	48	50	-
Totalt deltagartal	<b>5004</b>	4892	5320	6088	
Gudstenester utanom søn/helg	<b>13</b>	16	15	8	-
Toltalt deltagartal	<b>1404</b>	1548	1937	778	
Tal familiegudstenester	<b>5</b>	8	8	7	-
Totalt deltagartal	<b>880</b>	1333	1245	1194	
Gudstenester med nattverd	<b>33</b>	31	35	34	31
Deltakartal skule-gudstenester	<b>609</b>	645	608	576	715
Deltakartal barnehage-gudstenester	<b>270</b>	-	180	-	-
Deltakartal Julafte-gudstenester	<b>909</b>	821	878	766	656





## Innsamlingar

- I alt vart det gitt kr 153.697,- (kr. 154.820,- i 2017) i offer under gudstenestene.
  - Av dette var kr 89.016,- til kyrkjelydsarbeidet (kr 99935,- i 2017).
- Ved fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, arrangert av soknerådet og konfirmantane den 20. mars 2018, vart det samla inn i alt kr. 71.608,- (kr. 70.907,- i 2017).



Fasteaksjon 2018

KIRKENES NØDHJELPS FASTEAKSJON

Om fasteaksjonen Presse Materiell KIRKENES NØDHJELP aktionance LOGG INN

FASTE PLANLEGG RESULTATER

For over 50 år siden bestemte menighetene i Norge seg for å ha en årlig innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp sitt internasjonale arbeid. Fasteaksjonen er i dag den nest største innsamlingsaksjonen i Norge, – etter TV-aksjonen. Aksjonen er lagt i en tid av kirkeåret som heter fastetiden. Fasten varer i 40 dager helt fra askeonsdag, men selve Fasteaksjonen arrangeres over hele landet søndag til tirsdag før palmesøndag, 20.-27. mars.





## Kyrkjelege handlingar 2018

	2018	2017	2016	2015	2014
Gudstenester med dåp	<b>22</b>	18	21	21	-
Totalt tal deltagarar	<b>2342</b>	2287	2567	2263	-
Tal døypte	<b>35</b>	37	43	37	46
Konfirmerte	<b>54</b>	52	62	54	55
Vigsler	<b>6</b>	5	4	5	1
Gravferder	<b>40</b>	28	50	34	33



50 årskonfirmantar 2018



Juletrefest 2018



## Nokre av aktivitetane som soknerådet har jobba med i 2018

- Juletrefest i Stedje kyrkje 3. januar
- Salmekveldar i Stedje kyrkje
- Fasteaksjon 20. mars
- Kyrkjelydens årsfest 22. mars i Frelsesarmeens sal
- Bispevisitas 24. – 29. april
- Utugudsteneste i sentrumsparken 21. mai
- Konsert med Olivier Latry, ein av hovudorganistane i Notre Dame i Paris, 28. juni
- Dugnad på kyrkjegarden 19. april og 23. oktober
- Kyrkjelydstur til Årdal 28. august
- Basar i Frelsesarmeens sal 19. september til inntekt for kyrkjelydshytta
- Kyrkjekaffi på hausttakkefesten 23. september
- Open dag på kyrkjelydshytta 30. september
- Orgelkonsert med domorganist i Bergen domkirke, Sigurd Melvær Øgaard 13. oktober
- Elvis gospelkonsert 14. oktober
- Medarbeidarsamling i Stedje kyrkje 8. november
- Händels Messias konsert i Stedje kyrkje 9. desember
- Konsert med Helene Bøksle 12. desember i Stedje kyrkje
- Julekonsert Sogndal Musikkklag og anna frivillig musikkliv 16. desember
- Julekonsert Trudvang skule 19. desember
- Julaftanfeiring på de heibergske samlingar

I alt 7 konserter  
i eigen regi i 2018.  
Totalt 694 deltagarar

I alt 7 konserter  
i andre sin regi i 2018.  
Totalt 2124 deltagarar

Skule-kyrkje-samarbeid  
7 besøk av barnehagar  
1 besøk av skuleklasse

Babysong hadde  
55 ulike deltagarar  
i 2018

94 andakter vart haldne i  
institusjon/aldersheim  
  
73 besøk vart gjennomført  
av besøkstenesta



## Bispevisitas

24.-29. april kom biskop Halvor Nordhaug på vitjing til sokna i Sogndal og Leikanger, for å støtta, inspirera og rettleia. Her møtte han eit innhaldsrikt og variert program.

Visitasen tok til med gudsteneste i Kaupanger stavkyrkje tysdag 24. april i samband med stabsmøte. Etterpå var det synfaring på nye Kaupanger gravlund, og seinare kontorvisitas og samtalar med dei tilsette. På kvelden var det «Salmar og kaffi» i Leikanger kyrkje før medarbeidarfest og kyrkjekaffi for alle fem sokna. I løpet av veka hadde biskopen møter med skuleelevar, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og kommunaleiing samt eit fellesmøte for sokneråda, fellesrådet og dei kyrkjeleg tilsette. Vidare deltok biskopen på Klimakonferansen #klimaomstilling2018 med innleiing ein av dagane. Det var også lagt inn bedriftsbesøk på Campus og Høgskulen på Vestlandet, i tillegg til at biskopen held gjesteføredrag ved høgskulen, om tilhøret mellom kyrkje, skule og barnehage. Besøket vart avslutta 29. april med Visitasgudsteneste i Stedje kyrkje med etterfølgjande visitasføredrag, før kyrkjekaffi og festkaker på Hofslund fjordhotell.

Takk for besøket, biskop Halvor!



Den norske kyrkja  
i Sogndal og Leikanger  
Biskop Halvor Nordhaug vitjar  
sokna i Sogndal og Leikanger

**Bispevisitas**  
**24.–29. april**

Alle er hjarteleg velkomne til

- **Salmar og kaffi**  
i Leikanger kyrkje tysdag 24. april kl. 19.00.  
Sysstrand Damekor deltek.
- **Medarbeidarfest** - open for alle, velkommen!  
på Leikanger ungdomsskule rett etterpå.  
Uformelt program, servering, musikalske innslag.  
Festtale: Ingunn Marie Myren.
- **Visitasgudsteneste**  
i Stedje kyrkje 29. april kl. 11.00  
ved biskop Halvor Nordhaug med fleire.  
Dalklang deltek.  
Biskopen sitt visitasføredrag rett etter gudstenesta.  
Kyrkjekaffi og kaker, Hofslund fjordhotell  
ca. kl. 13.00.



Visitasgudsteneste i Stedje kyrkje



# DEN NORSKE KYRKJA

Stedje sokneråd



Glimt frå  
Visitasjonen





## Utegudsteneste i sentrumsparken 21. mai

Andre pinsedag på ettermiddagen vart det for første gong på lenge feira utegudsteneste i den flotte sentrumsparken i Sogndal. Pinsen kan kallast kyrkja si bursdagsfeiring, og det er eit godt høve til å markere at evangeliet er for alle. Mange stader har det vore ein flott skikk at på andre pinsedag kjem ein saman frå ulike kristne samanhengar og skipar ein felleskristen gudstenestefeiring.

i 2018 skjedde dette då Stedje kyrkjelyd og Sogndal Indremisjonsforsamling baud inn til felles gudsteneste, og det vart med nydeleg vårver i flotte omgjevnader. Det var skriftlesing, lovsong, appell, bøn og nattverd. I etterkant var det kaffi og noko attåt. Det var godt over 100 frammøtte.





# DEN NORSKE KYRKJA

Stedje sokneråd



Trudvang skule sin julekonsert



Årsfesten i 2018. Astrid takkar av  
Ove Bukholm som soknerådsleiar

Glimt frå hendingar i 2018

Dei tradisjonelle julekonsertane



Gospelkoret Glimt



Dalatrioen



Musikklaget



Elvis gospelkonsert



DEN NORSKE KYRKJA  
Stedje sokneråd

## Glimt frå hendingar i 2018

Messias konsert i Stedje kyrkje  
solist Mari Askvik





Medarbeidarsamling i Stedje kyrkje, tema: Korleis rekruttere, lære opp og ta vare på frivillige







Barnehagen  
pyntar kyrkja  
til jul



Skulestart gudsteneste



# DEN NORSKE KYRKJA

Stedje sokneråd

## Kyrkjelydstur til Årdal 25.august.

Buss frå Sogndal med sjåfør/guide Vidar Lægreid, turleiar Gitte Terkelsen Torstad. Arvid Øren hadde gjesteinnlegg. Det var 41 deltagarar på turen. Køyrd heim om Lærdal. Det var ein vellukka tur med mange fine opplevingar undervegs.

Ei stor takk til Leighs legat for økonomisk støtte til kyrkjelydsturen.

Føremål med turen var:

- Kyrkjelyds- og fellesskapsbyggande fokus
- Utforskning av lokal –og nærmiljøet
- Naturopplewingar og
- Historieformidling og kulturutveksling





## Orgelet i Stedje kyrkje

Det har vore mange dugnadstimar i samband med restaurering av orgelet. Mange har gjort innsats, og det var ei stor glede då orgelet kom på plass att i kyrkja.



28. Juni var det fullsett kyrkje til konserten med Olivier Latry, ein av hovudorganistane i Notre Dame i Paris





## Felles julaftanfeiring på De heibergske samlinger Sogn Folkemuseum

Komite-og samarbeid mellom Stedje og Kaupanger sokneråd og museet: Lars Asle Vold, Aud Ross Solberg, Herborg og Einar Skeie, Gunnar Eldevik, Andreas Danbolt, Karstein Bergheim.

22 deltakrarar, av desse fire born under 7 år.

Opent frå 17 -21.00

Sokneprest Kjell Olav kom innom og helste oss med song.

Ordførar Jarle Aarvoll kom på besøk.

Mange frivillige tok kontakt og bidrog med julegåver og julekaker.

Komiteen v/Stedje og Kaupanger sokneråd, tok imot gāve på kr. 5000,- frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane  
Coop Ekstra i Sogndal sponsa med grønsaker, Lerum sponsa med julebrus og Meny sponsa med pinnekjøt, pølser og surkål

Det var ein veldig fin kveld med god stemning og god mat.  
Eit vellukka tiltak, folk er takksame.



DES.  
24.

Felles open julaftanfeiring

Offentleg · Arrangert av Stedje kyrkje og De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum



## Diakonitenesta i kyrkja er

- kyrkja sitt ”kroppsspråk”, som eit uttrykk for samanhengen mellom liv og lære, tru og handling.
- ein dimensjon ved det å vere kyrkje som skal gjennomsyra kyrkjelyden sitt fellesskap og oppdrag i møte med menneske i alle aldrar; i gudstenestefeiring, forkynning og teneste.

### Diakonen skal

- leie kyrkjelyden si omsorgsteneste og legge til rette for fellesskapsbyggande arbeid.
- styrke kyrkjelyden sitt arbeid med å hindre og avhjelpe menneskeleg nød.
- styrke og fremje diakonal haldning og handling i lokalsamfunnet.
- ha gudstenestelege oppgåver.
- ha medansvar for å rekruttere, utruste og rettleie frivillige medarbeidarar.  
(Frå Stillingsinstruks for diakon 2012, og Tjenesteordning for diakonar, 2004).

Gitte Therkelsen Torstad hadde 100 % stilling som soknediakon i 2018.

### Nokre arbeidsområder for diakonen

- |  |  |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Konfirmantarbeid</li><li>• Sorgarbeid</li><li>• Sjelesorg</li><li>• Venneteneste/besøksteneste</li><li>• Gudstenester og soknebod</li><li>• Kvardagstru</li><li>• Gravferd</li><li>• Andaktar</li><li>• Open kyrkje i Stedje</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Kyrkjelydsbladet</li><li>• Juletrefest i Stedje kyrkje</li><li>• Undervisning på Høgskulen</li><li>• Dåpsring og Kyrkjering i Stedje</li><li>• Kyrkjelydstur for eldre</li><li>• Felles julafstan feiring</li><li>• Frivilligarbeid</li><li>• Kyrkjelydshytta sin basar/open dag</li></ul> |
|--|--|





## Frivillige sitt diakonale engasjement

Kyrkja sitt fellesskap gir rom for at alle døypte kan ha ei teneste med oppgåver og ansvar for sine medmenneske, ut frå sine evner og ressursar.

- Andakter ved Sogndal Omsorgssenter.
- Kyrkjevertane
- Kyrkjekaffitenesta.
- Medliturgar /tekstlesarar.
- Besöksteneste, i organisert form eller i meir «privat» form som ikkje vert registrert.
- Dugnad på kyrkjegarden
- Medhjelparar i konfirmantarbeidet og i trusopplæringa.
- Dåpsringen i Stedje
- Kyrkjeringen av menn med dugnad
- Kyrkjelydsturen
- Forsangergruppa og andre musikarar som bidreg



## Frivilligarbeid 2018:

- Før sommaren 2018 vart det etablert ei prosjektgruppe for utarbeiding av Handlingsplan for frivillige (Handlingsplan for å rekruttere, lære opp og ta vare på frivillige medarbeidarar). Bakgrunnen er biskopen sin oppmoding om å følgje opp eksisterande strategiplan for dei tilsette sitt arbeid med dei frivillige, til ei Handlingsplan. Inger Pedersen er leiar. Gjennom prosjektarbeidet vert det utarbeida m.a rutineskildringar for dei ulike tenestene. Arbeidet vert forankra i sokneråda og i staben, med Diakoniutvalet som referansegruppe.
- Diakon har medansvar for frivillige sin teneste i kyrkjelydane med tanke på oppfølging, informasjon, opplæring og kurstilbod. Dette arbeidet vert no strukturert gjennom det pågående prosjektet. Utarbeidingsa av Handlingsplanen vert avslutta i 2019.



## Tankar om det diakonale arbeidet framover

Å vere ei diakonal kyrkje handlar om å vere, ikkje berre å gjere. Det skal vere godt å vere del av fellesskapet, finne ro og meinings, og bli sett. Diakoni har mange aspekt og utfordringar ved seg, anten det gjeld oppgåver for born eller vaksne. Trua ber frukt i form av gjerningar; som hjelp og støtte til andre. Kyrkja vil vere inkluderande og open for det som rører seg i kyrkjelyden og i samfunnet rundt, det før utset at vi engasjerer oss! Det diakonale arbeidet må balansera og prioritera mellom ulike behov som kjem fram, og ut frå dei ressursar vi som kyrkjelyd har. Det diakonale arbeidet er såleis dynamisk, dvs. i endring og utvikling sjølv om noko er fast. Vi satsar på nokre kontinuerlege oppgåver som går sin gang med berre mindre justeringar undervegs.

- Det er eit ynskje at fleire vil finne sin plass i fellesskapet. Vi høyrer sammen med kvarandre, anten det er til gudsteneste, i trusopplæringsarbeidet eller på andre møteplassar i kyrkja, – det er plass til alle til å vere med, til teneste og oppgåve.
- Inntil Stedje kyrkjelyd har eit nytt forsamlingslokale, vert kyrkjelyden utfordra på å vere både kreative og fleksible til å finne gode tenlege løysningar for aktiviteten sin. For å både ivareta og vidareføre kyrkjelyden sitt arbeid, vert det nødvendig at alle partar må samarbeide kanskje enno meir enn tidlegare.





## Trusopplæring i Stedje sokn

Stedje sokn jobbar etter ein trusopplæringsplan som gjer greie for gjennomføring av ulike alderstilpassa tiltak og konkrete læringsmål innan områda «Kyrkja si tru og tradisjon», «Livstolking og livsmeistring» og «Kristen tru i praksis». Den følgjande opplistinga under nær det gjeld barne og ungdomsarbeid føl i stor grad planen.

### Dåp

Det vert halde dåpssamtale med alle som vil døypa seg i kyrkja (uavhengig av alder). Dette er ein samtale med presten, der det blant anna blir gitt informasjon om ulike tilbod som kyrkja vil gi gjennom trusopplæringa.

### Babysong

Samlingar for born 0-1 år på Stedjetunet

### Småtroll-trall

Songstund for born mellom 1-3 år. I kapellet på Stedje

### Søndagsskular

Det er søndagsskule på Torstad og på Notsete.

Tysdagssklubb i Sogndal sentrum, som er søndagskule på kvar dag

### Barnegospel

Barnegospelen er for alle barn frå 5 år og oppover. Måndagar på SIM-huset.

### Barnekor

Sogndal Soul Children er tilslutta Soul Children-rørsla, og er for born frå 10 til 16 år.

### Samarbeid med barnehagar:

Det er eit godt samarbeid med barnehagane i kommunen. Me har fleire treffpunkt i kyrkja, men særleg i desember. Då møter me dei eldste borna i barnehagen til julevandring i byrjinga av desember. Då vandrar born og vaksne saman frå Stedje til Betlehem over 2000 år tilbake i tid. Juleevangeliet vert opplevd gjennom at borna blir tildelt ulike rollar me kjenner frå juleevangeliet, før samlinga vert avslutta med at juleevangeliet blir lest høgt for dei. I tillegg har me helde fram med pynting av kyrkja og juletree til jul og adventsamling



Kyrkjesekken er ein aktivitetssekk for barn til bruk under gudsteneste

Kyrkjesekken kom i bruk i 2018





*Det hadde ikkje vore mogleg å drive eit so vidt spekter av trusopplæring om det ikke hadde vore for alle dei frivillige som stiller opp på dei ulike tiltaka, eller driv søndagskule og barnegospel - ein stor takk til alle som legg ned tid og krefter i dette viktige arbeidet!!*

## Trusopplæring i Stedje sokn

- Utdeling av «Mi kyrkjebok 4» til firåringane
- Utdeling av «Mi kyrkjebok 6» til seksåringane
- Utdeling av «Bibelen – ei vandring gjennom den store forteljinga» til elleveåringane
- Gudstenester retta mot born -«Sprell-levande» gudstenester
- Hausttakkefest saman med Stedje barnehage



Utdeling av mi kyrkjebok til 4 åringar våren 2018



Hausttakkefest



Utdeling av bibel til 11 åringar januar 2018



## Tårnagenthelg

I 2018 arrangerte me «Tårnagent-dag» for andre gong i Ølmheim kyrkje, Norum sokn. Tiltaket er eit fellesarrangement for alle fem sokn i Sogndal og Leikanger, og dette året hadde me 20 påmeldte, 9 av desse frå Stedje.

Alle møttest laurdag føremiddag for å bli kjent med kyrkjerommet, symbolbruk, historia til kyrkja og kyrkjeklokken spesielt. Dei er agentar på oppdrag, og skal løyse eit mysterium. Det vert lagt vekt på fellesskap, måltid, undring og oppdrag. Dette er basert på eit opplegg laga av søndagsskulen og TOL («Størst av alt») sentralt og vert gjennomført i kyrkjer rundt om i landet.





## Konfirmantarbeid

- (Haust 2017 vår 2018) Konfirmantåret starta med Kick off i Stedje kyrkje saman med alle konfirmantar i fellesrådsområdet torsdag 23. august. Her var og foreldre med, og dei fekk eit innblikk i korleis konfirmantåret skulle sjå ut. Deretter hadde me individuelle samtalar med alle konfirmantane.
- I løpet av hausten var konfirmantane og på skaparverkstur til kyrkjelydshytta, vore på undervisningssamlingar, hatt lysmesse og vore med på heimegruppesamlingar.
- Mykje av undervisninga har føregått på laurdagssamlingar, totalt 4 laurdagar var konfirmantane med på. På samlingane har konfirmantane fått undervisning om sentrale tema i den kristne trua gjennom aktivitetar og ulike pedagogiske tilnærmingar både ute og inne. Konfirmantane var fordelt på ulike samtalegrupper gjennom hausten. 7 heimar opna dørene sine og tok imot ei konfirmantgruppe. I januar 2018 reiste vi på konfirmantleir på Lyngmo, dette var for mange av konfirmantane høgdepunktet på året. På våren 2018 valde konfirmantane ulike grupper dei kunne være med i. Mange var med på Basecamp, Sogndal Indremisjon sin ungdomsklubb, KRIK-gruppe, medhjelpar på NMS gjenbruksbutikken, heimegrupper, og nokon vart med på ungdomsleir på Lyngmo. På denne måten fekk konfirmantane og kjennskap til kristne aktivitetar i nærmiljøet. Siste tysdag før påske var konfirmantar og foreldre med på fasteaksjonen. Foreldre har og vore aktive på dugnadar og anna i regi av kyrkjelyden. Det skal og nemnast at frivillige som har vore med i konfirmantarbeidet har vore til stor nytte og glede for konfirmantar og tilsette.
- 53 konfirmantar som sokner til Stedje vart konfirmert, og vi hadde i fellesrådsområdet om lag 40 frivillige med små og store oppgåver med oss. Ein stor takk til dei.



## Ungdomsarbeid

Det har gjennom 2018 vore arbeida aktivt med å styrke banda mellom ulike aktivitetar for aldersgruppa og konfirmantarbeidet. Konfirmantar har vore med på ulike aktivitetsgrupper, og vi håper mange av dei fortset mellom anna på KRIK og på ungdomsklubber. Alle konfirmantane fekk og tilbod om å være med på sommarfestival, vel og merke utan stort hell. Det har gjennom året vore ein strategi å halda god kontakt med ungdomsorganisasjonar, noko som lukkast i noko grad. Mellom anna har fleire ungdomar frå soknet vore med på ungdomsleir på Lyngmo, og nokre ungdomar har vore med på KRIK-treningar. Det har og i løpet av året vore etterlyst moglegheit for KRIK-lag for ungdomsskulealder, noko det i 2019 vil bli sett på moglegheit for.



## Konfirmantar 2018



Første rekke, fra venstre: Ingeborg Grevsnes, Embla Gjerde Siggum, Dorthe Selseng, Maria Sætre Veum, Viktoria Wältorp Vangestad. Andre rekke: Tale Lindblom, Hilde Lysgård Almås, Arsema Berhanu Erana, Kristin Stedje Hofslundsgen, Emma Loftesnes Harjo, Tea Ospeseter Sletten, Vilde Resaland. Tredje rekke: Soknediakon Gitte Therkelsen Torstad, Sara Nordheim, Lilly Flåten, Malene Mardal, Ida Heggestad, Tonje Kalvatn Øvretun, Guro Nesse Hillestad, Julie Ruud Flatane, Annika Flåten, Synne Vikdal Krogh. Fjerde rekke: Emil Resaland, Ola Firreite, Torgny Sæthre Ediassen, Martin Sanden, Tobias Selseng, Eskil Gjerde Siggum, Jason Symon Okoth, Johannes Aasen Nesheim, Mathias Brekke Hatlevoll, Arne Seldal Stalheim, sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim. Femte rekke: Ungdomsprest Andreas Danbolt, Eskil Angelshaug Venes, Asmund Brendstuen, Ivar Yttri Hamre, Anders Ølmheim Baraas, Mathias Sønnesyn, Arve Barsnes, Jarand Gurvin, Tor Kristian Dulsvik, Ola Foss, Bjørnar Holm-Marøy, Jørjan Ylvisåker Venes, Vebjørn Abelsen Vik. Sjette rekke: Lasse Bøyum Foss, Isac Johannes Weinbach, Emil Hovland Mo, Kasper Skålid, Iver Skorve, Spencer Paul Olavson Skjeldestad, Even Humlebrekke Nebb, Haakon Trædal.

(Ida Munthe Olsen og Fredrik Osa Holtan vart konfirmert i andre kyrkjer, var ikkje til stades.)



DEN NORSKE KYRKJA

Stedje sokneråd

## Stedjetunet

Slik blir nye Stedjetunet.



Forsamlingssal i  
nye Stedjetunet



## Frivilligarbeid i kyrkjelyden

Det er mange som er med i arbeidet med gudstenestene. Me nemner kyrkjevertar, medliturgar, born, konfirmantar og kyrkjekaffikokarar. Andre tenester er mellom anna hjelp av frivillige til vask og pussing av messing i kyrkja, konfirmantarbeid, trusopplæringsutval, venne/besöksteneste, andaktar på omsorgssenteret.

I 2018 var det totalt 284 frivillige medarbeidarar engasjert i arbeidet i kyrkjelyden



Soknerådet vil til slutt rette ei varm takk til alle ein har eit samarbeid med, og til alle tilsette og frivillige medarbeidarar som har vore med og gjort ein innsats i kyrkjelyden i 2018.

Vi ynskjer at 2019 skal verta eit godt år for kyrkja og kyrkjelyden vår.

Stedje sokneråd, 13. mars 2019

Gro Lerum Bondevik  
(skrivar)



Stedje sokneråd: Bak f.v: Jan Gunnar Bøthun, Kjell Olav Høstaker Nordheim, Per Hilleren, Ove Bukholm (leiar og medlem fram til 19.februar 18), Ottar Husum, Lise Elvagjeng, Astrid Hove. Framme f.v: Sissel Aina Vatnamot Åberge, Gro Lerum Bondevik, Målfrid Myrkaskog Husnes